

På lag med
framtida.
Øygarden Venstre



VENSTRE

Vår framtid i Øygarden.



Venstre vil gje fridom til den enkelte, samstundes skal vi ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Menneske er den største ressursen i Øygarden. Politikken må difor leggja til rette for at menneska trivs og får høve til å skape og utfalda seg.

Øygarden Venstre sine kandidatar til kommunevalet ønskjer alle å gjere ein innsats til beste for innbyggjarane våre. Politikk må handla om individ, ikkje grupper. Individua i gruppene er ulike, og med ulike behov. Vårt mål er å sjå menneska.

Vi ønskjer aktive innbyggjarar som i dialog med folkevalde utformar gode tenester og gode lokalmiljø.

Miljø

Mykje må endrast om me skal skapa eitt berekraftig samfunn. Ein del kan gjerast lokalt. Kommunen og innbyggjarane må samarbeida. Gode idear og tiltak er viktige.

Vi vil:

- ✓ Gjera det lettare for folk å etablere seg i eksisterande bygder og vidareutvikla dei ressursane som alt er skapt. Eksisterande lokalsamfunn er ein stor ressurs
- ✓ At innsamling av plastavfall i strandsona vert gjort gjennom frivillig innsats og med kommunal stønad
- ✓ Fasa ut bruk av eingongsplast dei komande fire åra

Kultur og frivillighet

Miljø og kultur er grunnlaget for mennesket sin vekt og trivsel. Vi vil difor styrkja det frivillige og mang- faldige kulturlivet i kommunen vår. Det er viktig med gode og varierte tilbod til alle våre innbyggjarar, store som små, i alle delar av den nye kommunen.

Vi vil:

- ✓ Ha fleire stadar som er lett tilgjengeleg og godt kjent der ein kan leige eller låne både utstyr og lokale, anten det er eit møterom eller ein gymsal
- ✓ At vakre kulturlandskap og kulturminne vert tekne vare på
- ✓ Sikre rikeleg tilgang på turløyper med universell utforming
- ✓ At musea våre får gode føresetnader for sitt arbeid, som viktige arenaer for kunnskapsformidling

Oppvekst

Born og unge er det viktigaste vi har, sjølv framtida vår, som skal bera velferdsstaten vidare. Vi ønskjer at borna i kommunen skal få den beste starten på livet. Øygarden Venstre er oppteken av at lærarar, foreldre og elevar er dei som kjenner utfordringane på kroppen

Vi vil:

- ✓ Arbeida for sikker skule- skyss, gode gang- og sykkelvegar, trygge busstopp og gode tilhøve rundt skular og barnehagar
- ✓ Styrke skulehelsetenesta
- ✓ Ungdomskontora må opprett-haldast og styrkjast
- ✓ Ha ein skulestruktur som sikrar gode skular i heile den nye kommunen
- ✓ At barnehage og skule har eit meningsfullt og positivt innhald



”Vi vil skape grøn vekst her vest.



Nyskaping og grøn vekst

Øygarden er ein av dei best eigna områda for havbaserte næringer. Kommunen har lang kyst med lune viker og sund. På utsida ligg havet. I Bergen har vi verdas fremste fagmiljø på marin forskning og hovudkontor for dei dominerande aktørane innan fiskeoppdrett.

Vi vil:

- ✓ At kommunen tar initiativ til fleire forsøksanlegg for matauke frå havet
- ✓ Ha aktive og nyskapande verksemder
- ✓ At kommunen må arbeida for å få på plass det planlagde karbonlagringsanlegget i Naturgassparken. I framtida kan dette anlegget mellom anna mogleggjere stor-skala produksjon av klimanøytral hydrogen frå naturgass ved at karbonet vert permanent lagra under havbotnen.
- ✓ Transport av folk og gods bør i aukande grad skje på sjø når dette er best for miljøet

Medeigarskap

Demokrati er basert på deltakarar med kunnskap om utfordringar og alternative løysingar. Målet må vere auka interesse for utviklinga av kommunen og å oppnå dei beste løysingane.

Vi vil:

- ✓ Røysterrettsalderen bør vera 16 år
- ✓ Ta initiativ til eit samarbeid mellom NAV, arbeidsgjevarar og kommunen der målet er å finna plass til også dei med lågare arbeidskapasitet
- ✓ Etablere regelmessige dialogmøter som skapar medeigarskap til politiske utfordrignar og løysingar
- ✓ Etablere dialogmøter der brukarar og pårørande får koma med råd om betre tenester
- ✓ Etablere eit nettbasert dialogforum der innbyggjarar kan koma med idear og innspel, og kommunen kan presentere utfordringar som treng løysningar



” **Det prosjekterte CO2-lagringsanlegget i Naturgassparken i Øygarden må realiserast.**

Børge Haugetun

Ordførarkandidat for Øygarden Venstre



” **Ein god oppvekst treng gode skular og trygge skulevegar.**

Elizabeth Toft Erichsen

2. kandidat for Øygarden Venstre



” **Ein stor kommune som Øygarden treng sin egen dyrevelferdsplan.**

Remi Lønøy

3. kandidat for Øygarden Venstre



” **Det skal vera liv laga å bu i grendene i kommunen.**

Brith Ediasen

4. kandidat for Øygarden Venstre



Vestland Venstre

Gunhild Berge Stang og Elizabeth Toft Erichsen

Vestland Venstre vil ha eit grønt nyskapande Vestland. Vi må ta klimagassutslepp, tap av naturmangfald og plastforsøpling på alvor. Næringslivet vårt skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.

Vestland skal vere best på kultur. Derfor vil vi løfte dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar i heile Vestland og i Bergen som internasjonal kulturby. Venstre vil sikre gode rammer for dei frivillige slik at dei kan bygge inkluderande lokalsamfunn. Vi skal ha ein skule for framtida.

Vi vil ha fritt skuleval og kvalitet i den vidaregåande skulen i vår nye fylkeskommunen.

Venstre vil ha skal ha betre kollektivtilbod og trygge vegar i Vestland. Vårt nye Vestland må bindast saman gjennom auka satsing på infrastruktur. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv. Dette er Venstre garantist for. Stem på Vestland Venstre ved fylkestingvalet!

venstre.no/vestland



Agnes Hushovde Bernes

Ungdomskandidat

Venstre sin politikk setter folk først og vil sikre valfridom for den einskilde.

Me ynskjer ein skule som ser at alle elevar er ulike og har ulike behov og ønskjer. Venstre vil at ordninga med fritt skuleval skal halde fram i det nye fylket. Samstundes meiner Venstre det er viktig at elevar skal kunne gå på skule i sitt eige nærmiljø.

Venstre vil at det skal lønne seg å velje det som er miljøvennleg. Menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur- og artsmangfald er vår tids største utfordring. Venstre vil gjere det billigare å reise kollektivt og ha billigare ungdomskort og studentkort som skal gjelde i heile det nye fylket.

Vestland Venstre sine kandidater

1. **Gunhild Berge Stang**, Fjaler
2. **Geir Kjell Andersland**, Bergen
3. **Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
4. **Alfred Bjørlo**, Stad
5. **Tom Hiis Bergh**, Bergen
6. Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden
7. **Astrid Hårstad Knutsen**, Bergen
8. **Jan Henrik Nygård**, Kinn
9. **Åsta Årøen**, Bergen
10. **Torstein Tvinnereim**, Stryn
11. **Ragnhild Handeland**, Kvinnherad
12. **Jon Ove Lomheim**, Luster
13. **Margunn Østrem**, Voss
14. **Daniel Gangeskar**, Kinn
15. **Nina Herland**, Ullensvang
16. **Ingrid N. Fjeldstad**, Bergen
17. **Vegard Løknes**, Bergen
18. **Maria Knagenhjelm**, Sogndal
19. **Astrid Dale**, Bjørnafjorden
20. **Njål Eliasson**, Kinn
21. **Grete Line Simonsen**, Bergen
22. **Bjørn Tore Sund**, Osterøy
23. **Terje Horvei**, Aurland
24. **Marit Gjerstad**, Bergen
25. **Rolf Nesheim**, Alver
26. **Else Mundal**, Sogndal
27. **Anton Engen**, Bergen
28. **Marius Hellan Hindenes**, Alver
29. **Judith Kapstad**, Sunnfjord
30. **Galo Austegard**, Bergen
31. **Kari Østervold Toft**, Øygarden
32. **Odd Bovim**, Kinn
33. **Kjersti Brevik Møller**, Bergen
34. **Ronny Knutsen**, Askøy
35. **Bjørn Arne Mjåseth**, Askvoll

Venstre sine kandidater i Øygarden.



1. Børge Haugetun

bur på Rong. Lektor med grad i statsvitenskap, historie og økonomi, og småbarnsfar. Han er oppteken av at verdiar må skapast før dei kan brukast, difor er ein god og føreseieleg næringspolitikk viktig.



2. Elizabeth Toft Erichsen

bur på Steinsland og jobbar som resepsjonist på Augustin Hotell i Bergen. Er aktiv i Stranda Ungdomslag og elsker å reise.



3. Remi Lønøy

bur på Solsvik og arbeider til dagleg som sjukepleiar i heimesjukepleien på Litle-Sotra. På fritida likar han å fiske og brygge øl.



4. Brith Edjassen

bur på Ulveseth og arbeider som helsesekretær ved Bergen Legevakt. På fritida er det friluftsliv og trening og då spesielt styrkeløft som gjeld.



5. Espen Elstad

bur på Åse og arbeidar i FjellVAR som vert ØyVAR. Veldig interesse for arbeid som sikrar gode lokalmiljø og ikkje minst den fantastiske naturen.

- 6 Sigrun Søyland
- 7 Rune Kobbeltveit
- 8 Jarle Thorsteinsen
- 9 Arne Johan Tuvin
- 10 Odd Ivar Ølnes
- 11 Karina Hollup
- 12 Reidun Marie Nordvik
- 13 Tore Magne Turøy
- 14 Ellen Pedersen
- 15 Ingrid Kristine Sæterdal
- 16 Håvard Kjetil Lygre
- 17 Jarle Sælensminde
- 18 Olav Kobbeltveit
- 19 Liv Ingrid Alvheim
- 20 Terje Norevik
- 21 Kjell Ingar Alvheim
- 22 Brit Tønnesen Fjell
- 23 Tommy Andre Borch
- 24 Ingrid Bjorøy
- 25 Helge Harald Fjell
- 26 Kari Østervold Toft



VENSTRE

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

www.venstre.no/oygarden